

BARNEHAGE

BARNETRINN

UNGDOMSTRINN

VIDEREGÅENDE

HØYERE
UTDANNING

KULTURSKOLE

FAG OG
FORSKNING

OM SENTERET



Nytt læreplanutkast for Vg1 design og tradisjonshandverk

Publisert: 30.01.2019

Det vert no jobba for fullt med innhaldet i Vg1 design og tradisjonshandverk, etter at Regjeringa i mars 2018 endra tilbodsstrukturen for utdanningsprogram for design og handverk. Frå 2020 vil elevane kunna velja mellom to ulike utdanningsprogram:

— Vg1 design og tradisjonshandverk

— Vg1 frisør, blomster- og interiørdesign

No ynskjer Udir dine synspunkt på læreplanskissa til Vg1 design og tradisjonshandverk før 18.februar.

Førebels innhald i Vg1 design og tradisjonshandverk

I arbeid med nye læreplanar for Vg1 design og tradisjonshandverk står styrking av dei små verneverdige faga sentralt. Utdanningsprogrammet skal ta vare på den immaterielle kulturarva der og dei samiske faga er inkludert. Det praktiske og tradisjonelle handverket er vektlagt på rekning av design, samanlikna med gjeldande læreplan i Vg1 design og handverk.

Innspillsrunde Om faget

Udir ynskjer synspunkta dine på den førebelse skissa som omhandlar den delen av læreplanen som vert kalla Om faget. Teksta *Om faget* skal gje ei tydeleg retning for arbeid med kompetanssmål og ei ramme for kva elevane og lærlingane skal læra i faget. *Om faget* omfattar korte skildringar av faget sin relevans og kjerneelementa til faget. Ho inneheld òg fagspesifikke tekstar om verdiar og prinsipp i overordna del, dei tre tverrfaglege tema og grunnleggjande ferdigheter.

Ny innspillsrunde på kompetanssmål og innhald i heile læreplanen kjem i mars/april.

Frist 18.februar

Fram til 18. februar er det mogleg for alle interesserte å gje tilbakemelding på *Om faget* i den førebelse skissa. Dette er ei yrkesutdanning som både skal forvalta tradisjonelt handverk, samstundes som KKS meiner det er avgjerande at utdanningstilbodet vert oppfatta som framtidssretta og relevant for dagens unge og for arbeidslivet.

KKS oppfordrar faglærere, skolar, føretak og einskildpersonar til å fremja synspunkta sine på *Om faget*. Vær slik med på å fremja kvalitet i utdanninga og framtidig rekruttering til dette viktige fagområdet.

Lenkje til Udir:

Les og kommenter skissen til Vg1 design og tradisjonshandverk

Andre aktuelle lenkjer:

Pressemelding, Regjeringa, 05.03 .18: Yrkesfagelever får tidligere spesialisering.

Artikkel, Kunst og kultursenteret, 06.03 .18: Ny struktur for kunst og håndverksfaga.

Artikkel, Udir, 12.03 .18: Yrkesfaglige utdanningsprogram frå 2020.

Lenke til Nyhetsarkiv

Forskning

Publikasjoner

Kalender

Meld deg på
vårt nyhetsbrev

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen | Adr: Nord universitet, Postboks 1490, 8049 Bodø | Tlf: 755 17 500 | e-post:kunstkultur@nord.no
Design: Furoredesign.no | Webutvikling: Seria AS